

Olje- og energidepartementet

Postbokss 8148 Dep

0033 OSLO

Vår ref.  
08/1446-73/N-654//SILA

Dykkar ref.

Dato:  
18.02.2011

## **Uttale frå Kvam herad H-sak 14/11 - Høyring av utvalsrapportane knytt til sjøkabelalternativet for kraftledning mellom Sima og Samnanger**

Viser til høyringsbrev /utvalsrapportane av 01.02.2011 og sender Kvam herad sin uttale. Uttalen vart samrøystes vedteken av Kvam heradsstyre i møtet 15.februar 2011, sak 14/11.

### **HST-014/11 Vedtak:**

#### **Høyringsuttale til Rapport frå sjøkabelutgreiingane. Dagsett 1. februar 2011. Uttale vedteke i heradstyret 15.februar 2011**

#### **Samrøystes vedtak:**

Kvam herad seier seg nøgd med at Regjeringa engasjerte fire ekspertutval for å utgreie ulike sider ved etablering av ny overføringslinje for kraft frå Sima til Samnanger. Når dei fire rapportane no er lagt fram er det viktig at kommunane og Regjeringa tek seg tid til å handsame konklusjonane i desse.

Heradet merkar seg at rapportane framhevar at straumsituasjonen til bergensregionen ikkje vert kritisk dei næraste åra, om den alt planlagde utvidinga av linekapasiteten til regionen vert realisert. Det er såleis ikkje noko sjølvstendig argument imot sjøkabel i Hardangerfjorden at denne vil vere i drift først i 2018.

Utval IV konkluderer slik:

”Situasjonen på kort sikt er ikke så alvorlig at det ikke er mulig å vente med den konsesjonsgitte linjen mellom Sima og Samnanger. Dermed er det relevant å diskutere alternative løsninger...”

Utval III konkluderer slik:

”Dersom linjen Modalen-Mongstad-Kollsnes er på plass innen 2016 og Energiverket på Mongstad kommer i full drift fra 2015, vil forsyningssikkerheten i BKK-området med stor sannsynlighet være tilfredsstillende det neste tiåret, selv om Sima-Samnanger ikke er på plass fra 2012.”

*Kvam herad krev at regjeringa fylgjer tilrådingane i rapport 3 og 4 på ein slik måte at 420 kV Sima-Samnanger vert utsett. Kompenserande tiltak på forsyning til Bergen må gjennomførast fyrst.*

Kvam herad ser framleis at alternativet med sjøkabel er det beste fordi det i størst grad vernar om dei unike natur- og kulturverdiane som er i Hardanger. Det sjølvstendige og berande argumentet mot ein sjøkabel er og blir den ekstra kostnaden som kabelen vil gje. Kvam herad ser at ein sjøkabel kan skape presedens når staten seinare skal føre fram straumkablur i andre deler av landet med liknande natur og kultur med høg verdi. Skal desse kablane leggjast i sjø, vil det påføre staten ein ekstra kostnad stipulert i rapportane til samla 30 milliardar.

Desse pengane lyt Regjeringa hente inn gjennom ei robust og rettvis finansieringsordning. I arbeidet med denne er det verdt å minne om at vasskrafta er ein unik nasjonal og internasjonal ressurs, med veksande kommersiell verdi. Nye overføringssystem vil kunne skape store meirverdiar for nasjonen. Slik sett vil ny overføringskapasitet til Bergensregionen vere ei utgift til inntekts erverv.

Kvam herad, saman med dei andre kommunane i Hardanger, kan ikkje sjå at det føreligg god nok løysing for framføring av kraftlinja Sima-Samnanger.

*Dersom Regjeringa likevel vel å gå i gang med etableringa av linja Sima-Samnanger krev Kvam herad at Regjeringa endrar syn i saka og legg lina i sjøkabel.*

Kvam herad er vel vitande om at ein sjøkabel reiser ei rad spørsmål av teknisk og praktisk karakter, og ventar, om Regjeringa vel dette alternativet, å verte høyrte når desse spørsmåla vert reiste.

Kvamskogen er Noregs tredje største hytteområde, og eit unikt turområde som vert brukt heile året. Det er det viktigaste friluft- og turområdet for heile Bergensområdet og Kvam, og blir såleis brukt både av hyttefolk og ikkje minst av tusenar av turfolk i alle aldersgrupper som tar dagsturar til Kvamskogen. Kvamskogen er også svært viktig i den framtidige næringsutvikling for Kvam. Dersom gjeldande planar for kraftframføringa vert realiserte, vil det verta bygt 3 - tre - høgspenliner i det mest brukte turområdet på Kvamskogen. Kvam herad meiner ein med dette vil nå ein kritisk terskelverdi når det gjeld inngrep i slike rekreasjonsområde, og føre til en vesentleg reduksjon av attraksjonsverdien til Kvamskogen.

Kvam herad vil og minna om at Vestlandsfjordane vart kåra på topp over verdas reisemål både i 2004, 2006 og 2009, og at Fjord Noreg regionen har fått øvste plassering som "verdast mest avheldne ikon-reisemål". I rangeringane er det spesielt evna til å ta vare på den spektakulære og unike naturen, samt sikra eit levande fjordlandskap med busetnad og lokal kultur som blir framheva som dei viktigaste grunnar for sigeren. Naturen og kulturen i Hardanger er svært viktig for regionens vidare utviklingsmoglegheiter, og truleg den største bærebjelken for framtidig verdiskaping.

*På dette grunnlag vurderer Kvam herad ulempene med omsøkte trasé som så store at dersom luftspenn likevel vert valt ber Kvam herad Regjeringa velje ei løysing meir lik alternativ 3. Traseen 3.0 går over fjellområder som allereie i dag er delvis utbygd og regulert, jmf. Tidlegare kraftutbygging.*

*Dersom regjeringa i motstrid til Kvam og Hardanger vel realisering av linjeforsyning i luft, ber Kvam og Hardanger regjeringa i samarbeid med dei råka kommunane gjennomføra ei analyse som inneheld tiltak som kan kompensera for ulempene med luftlinje.*

Justering av traséval for linjeframføring i luft må også avklarast i dette arbeidet. Ei slik analyse med kompensierende tiltak kan utarbeidast av dei råka kommunane i Hardanger, og bør liggja føre og vera finansiert av regjeringa før endeleg avgjerd i saka. Kostnaden med kompensierende tiltak for linjeframføring i luft kan verta vesentleg høgare enn det som til no er varsla av Regjeringa.

Med helsing

Sigrid Laupsa  
Kommunalsjef stab